



Referat Rovernemndsmøte 4. – 6. september 2015

Rovernemndsmøtet starta fredag 4. september kl. 07:55 på båten Super Speed 2 ved avgang frå Larvik. Møtet vart heva sundag kl. 15:15 på båten på veg heim.

Tilstade:

Martin Grønfjell

Marta Nagel-Alne

Karen Undheim

Torkel Reinertsen

Erik Ettner Sanne

Amalie Lepsøy Hansen (vara for Kaja Marie Leversund)

Sak 16: Konstituering

16.1 Godkjenning av innkalling og saksliste

- Innkalling godkjent.

16.2 Godkjenning av saksliste

- Saksliste godkjent.

16.3 Val av referent

- Marta valt til referent.

Sak 17: Oppdatering

17.1 Oppdatering frå kretskontaktane

- Gjennomgang av korleis det går i kretsane. Roverkretskontaktane er alle invitert til å delta på roverkretskontaktsamling i oktober. Det er nye kontaktar i nokre av kretsane. Studentspeidarlaga er òg godt i gang.

17.2 Oppdatering frå dei nasjonale roverarrangementa

17.2.1 Roverfemkamp

- Lokalkomiteen arbeider med den siste planlegginga. Nemnda skal halda oppe kontakten fram mot arrangementet.

17.2.2 Roverball

- Nemnda er i kontakt med lokalkomiteen, og planlegginga går greitt. Komiteen arbeider for tida med leige av lokale.

17.2.3 Roverkongress

- Lokalkomiteen har hatt møte med nemndskontakt, og har generelt veldig god kontroll. Nemnda skal oppretthalda kontakten vidare.

17.3 Oppdatering frå arrangement me har delteke på

17.3.1 Utdeling av friluftslivets hederspris

- Rovernemnda var representert på friluftsfestivalen ved Martin og Marta, saman med andre speidarrepresentantar.

Sak 18: Evaluering av roverlandsleir

- Rovernemnda har skrive ei evaluering av roverlandsleiren, og skal gå gjennom lokalkomiteen si evaluering når den er ferdig.

Sak 19: Roverkontaktsamling 2015

- Roverkontaktsamlinga skal vera på Nordtangen 23.-25. oktober. Nemnda har gått gjennom den foreløpige planen, og har fordelt resten av programmet. Målet for helga er at kvar krets skal senda ein representant som deltakar, fyrst og fremst roverkretskontakten.

Sak 20: Tiltaksplan

- Rovernemnda har gått gjennom dei ulike punkta i tiltaksplanen i samanheng med arbeidet vårt i det halvåret som har gått.